

# TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR: SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO  
NORDAHL BRUNS GATE 22, 0165 OSLO

NR. 6

2015

ÅRGANG 30



## Flott referat frå Jubileums- og klubbefesten



## God Jul og Godt Nyttår

Årsmøte i Sogn og Fjordaneringen 19. januar

Årsmøte i Sogn og Fjordanelaget 17. februar



Opplev **Draumkvedet** på **sognamål**  
i **Blåsalen** i Bygdelagshuset torsdag 21. januar!

## Kjekke, gode tiltak...

med fin oppslutnad

Sogn og Fjordanelaget i Oslo er i medvind – laget har hatt god oppslutnad på hausttiltaka, jamvel 'vergodande' har spelt på lag!

**Nordfjordhytta** som feira sine 55 år i strålende haustver, kunne du lese om i førre lagsblad.

**Smalahovehelga** på Sunnfjordhytta Pustut, med 'snyttande' gode hove, henta hos Ivar Løne på Voss, vart ei verkeleg flott helg – triveleg lag og god mat. Litt dugnad, skogrydding med innlagt kaffiøkt og smalehova putrande på vedovnen på kjøkkenet. Les meir omtale lenger bak i bladet.

**Klubbefesten** 7. november – med 100-årsmarkering for skipinga av Nordfjordlaget, vart ei storhending. Storsalen fullsett, med frampå 170 deltakarar og eit makelaust godt program. Til og med fana til gamle Nordfjordlaget var henta 'heim' frå Nordfjord Folkemuseum for anledninga. Sjølvaste Sigrid Moldestad frå Beim og medmusikar Mathias Perez heldt ein storarta og strålende konsert til stor jubel! Arne Sølvsberg losa festen trygt gjennom bordseta på sin lune og gode måte, ispedd småstubbar og fløytespel. At mange kjenningar og tidlegare medlemmer hadde funne vegen til Storsalen, høyrdest, makan til 'god drøs'! Etter eit langt og godt bordsete sytte Spelemannslaget Fjelljom med Arne Sølvsberg i spissen for dugande god dansemusikk til godt over midnatt. Fyldig referat frå festen kan du lese lenger bak i bladet.

**Ringen** held fram med sine øvingar på tysdagane. No i haust har dei flytta øvingane til Halli. Tysdag 8. desember har dei juleavslutning, og årsmøtet vert 19. januar 2016.

**Årsmøtet i laget vert 17. februar**, sjå kunngjering på neste side. Ta turen på det og gje ditt ord med i laget, bokstavleg talt!

Vi ynskjer alle medlemmer ei fin adventstid, og ei lang og god jule- og nyårshelg!  
– og vel møtt på lagets tiltak i 2016!

**Anny Sollid**  
Lagsleiar

## Årsmøte 2016

Årsmøtet i Sogn og Fjordanelaget i Oslo 2016 vert **onsdag 17. februar kl. 19.00** i Nordahl Bruns gate 22. Faste saker til handsaming er årsmelding og rekneskap for 2015, fastsetjing av medlemspengar, vedta planar og budsjett for 2016, val av tillitsfolk og utsendingar til årsmøtet i BLS.

Dersom nokon har andre saker som ein vil ha opp på årsmøtet, må desse meldast til styret i laget seinast 19. januar 2016, anten ved å senda ein e-post til styreleiaren, i brev til  
Sogn og Fjordanelaget i Oslo  
Nordahl Bruns gate 22  
0165 Oslo

eller lagt i laget sin postkasse i Nordahl Bruns gate 22.

Innkalling med sakspapir vert sendt ut fjorten dagar før årsmøtet.

Styret i Sogn og Fjordanelaget i Oslo

*Anny Sollid*, leiar

[anny.sollid@online.no](mailto:anny.sollid@online.no)

**Årsmøtet i BLS blir torsdag 31. mars i Storsalen, NB22.**

Frå lova til BLS: § 12. ÅRSMØTE – TID, SAKSFRAMLEGG OG INNKALLING

Årsmøtet vert halde i mars. Årsmøtedagen skal kunngjerast for laga innan 1. desember året før. Framlegg om saker til årsmøtet må vere komne til styret i samskipnaden før 25. januar. Rett til å gjere framlegg om saker for årsmøtet, har kvart av medlemslaga, særslag, styret og styremedlemmer i samskipnaden, styret og styremedlemmer i medlemslag og særslag og medlemmer av faste nemnder i samskipnaden. Styret kallar inn til årsmøte. Innkalling med sakliste skal sendast til laga og til innmelde utsendingar ein månad før årsmøtedagen. Årsmelding med rekneskap og anna sakstilfang skal sendast til dei same 14 dagar før årsmøtedagen.

Helsing styret i BLS  
Hilmar Nummedal

Opplev *Draumkvedet* på sognamål  
i **Blåsalen** i Bygdelagshuset torsdag **21. januar!**



FOTO: Sturlåson ©

Sogn og Fjordanelaget kan by på ein sjelden konsert i Blåsalen i NBs g. 22  
• **torsdag 21. januar kl. 20, «Draumkvedet» pao sognamaol!** Bill. kr 200

Då får du høyra «Draumkve'et» knytt opp til dei eldste slåttemelodiane, med *Tøge Talle* som syng og *Ole Henrik Moe* spelar fele og hardingfele. Dei brukar også lyre og klangplater og skaper eit heilt spesielt lydbilete.

«Draumkve'et» er eit visjonsdikt frå mellomalderen med ein unik plass i verdslitteraturen. Teksten handlar om Olav Åsteson som sov frå julafta og til trettande dag jul. Då han vakna, drog han til kyrkje og fortalde det han hadde drøymt: “om himmel og helvete og skirselden med”.

*Alv Reidar Dale* har omsett og dels laga ei frisk gjendikting til sognamål, med utgangspunkt i at begge aktørane har familiære band til Kaupanger og Luster, og fordi sognedialekten gjev nye klangar og impulsar til verket.

# Den 88. klubbefesten – fjordingar, sogningar og anna godt folk samla til 100-årsjubileum for stiftinga av Nordfjordlaget

Sidan 1923 var klubbefesten *årsfesten* for Nordfjordlaget – I år vart festen ein storslagen jubileumsfest. For 100 år sidan, nærare bestemt den 27. mars 1915, vart Nordfjordlaget skipa. Eit 50-tals utflytta nordfjordingar samla seg på Trygg hotell denne kvelden i slutten av mars, og vel ei månad seinare var medlemstalet kome opp i 80. Dei neste tiåra blomstra lagsdrifta. Ein festkveld med klubb var kanskje ikkje å vente, sidan klubb var kvardagsmat å rekne, festmaten i Nordfjord var rømebraut. Klubbefesten har ikkje gått av moten. Kunsten å koke klubb har gått i arv til nye generasjonar, men kanskje ikkje i alle heimar – Derfor er dette årvisse etegildet eit høgdepunkt for utflytta fjordingar og alle som seinare har kome til.



Foto: Elin Lovise Folven Gjengedal

På kjøkenet har det vore hektisk aktivitet i mange timar. Kålrabien er klar, medan klubben og saltkjøtet småputrar i grytene. Kokelaget har prøvesmaka på maten og fått seg ein velfortent kvil; frå venstre Dagfinn Aa, Oddmund Solheim og Astrid Fridtun.



Det som er kjekt med tradisjonar er at alle veit kva dei har i vente. Då må det vere orden i rekkjene, i år like eins som i fjor, og her er det den fjerde rutinerte klubbekokaren, Torkjell Sollid, som gjev dei yngste servitørane ein siste instruks.

Foto: Elin Lovise Folven Gjengedal



Foto: Elin Lovise Folven Gjengedal

Sidan 1987, då bygdelaga frå fylket samla seg om eit felles lag, Sogn og Fjordanelaget, er tilskipinga av denne festen blitt ein felles dugnad. Samfylkingar frå Sogn, Sunnfjord og Nordfjord som har flytta aust over, og etter kvart også deira etterkomarar, står bak den store dugnaden som skal til for å skaffe til vegs råvarer, be i hop til fest, skaffe underhaldning og ikkje minst stå ansvarleg for at det blir nok klubb til å mette alle dei forventningsfulle framømte.

Anny Sollid, leiar i Sogn og Fjordanelaget, er den som har losa planlegginga for festkvelden 7. november i Nordahl Brunsgate 22 trygt i hamn. Kjøkekemeister for kvelden er Arne Sølberg. Tidlegare lagsleiar Alf Reidar Dale var nok trygg på at dei 170 festdeltakarane som hadde benka seg i Storsalen skulle få forventningane innfridd i kveld.

Jubileet var annonsert i aust og i vest, både til lagsmedlemmar og ved annonsering i lokalaviser i heimfylket. Avtaler med dei finaste programkreftene vi kan få var gjort i god tid:

Sigrd Moldestad, Arne M. Sølberg og spelemannslaget Fjelljom.



Foto: Elin Lovise Folven Gjengedal

Fire langbord var pynta til fest. Kvit duk, tende lys, kefir, sirup og songhefte.

Sigrund Nesdal sine troll og kabbar har pynta Storsalen i snart to mannsaldrar, og framleis er dei like fine.



Foto: Elin Lovise Folven Gjengedal



Foto: Elin Lovise Folven Gjengedal

I år var også fana til Nordfjordlaget på plass i Storsalen. Fana er måla av den kjende læraren, organisasjonsmannen og kunstmålaren frå Olden, Ingebrikt Beinnes (1885-1971). Fana vart avduka i 1940. Motivet er utsikt frå Hjelle i Oppstryn mot det kjende fjellpartiet Storskredfjellet og isbreen Breifonna.



Foto: Elin Lovise Folven Gjengedal

Det vart stille i salen når lagsleiar Anny Sollid tok plass bak talarstolen for å ønskje alle hjarteleg velkomne til bords, og velfylte, dampande fat med klubb, kålrot og kjøt kunne gå runden langs langborda til musikk av Fjelljom.



Foto: Peder Verlo



Foto: Elin Lovise Folven Gjengedal



Foto: Elin Lovise Folven Gjengedal



Foto: Elin Lovise Folven Gjengedal

Utflytta fjordingar gledde seg på bondekost; til venstre Marit Ruset (Utvik) og Else Marie Bogstad (Breim).

Klubben i år var framifrå saftig, og kålrabien og saltkjøtet perfekt kokt. Grytene var fulle, så her kom ingen til å gå svoltne frå bordet.

Når den verste svolten var døyva og praten summa i salen var det på høg tid med song. Alv Reidar Dale og Arne Sølberg førte an den vakraste songen uansett fjord, *Nordfjordsongen*, med stor innleving. Teksten er skriven av Amund Mork og tonen av Per Bolstad.

Sauebonde, meisterspelemann og dansar Arne M. Sølberg er også ein ordkunstnar, rik på gode historier frå bygdene i Indre Nordfjord. Han la inn eit godt ord for målsaka, og siterte lyrikaren Jon Tolaas på at «ungdomen no til dags verken har lært å banje eller brødfø seg». Ordrikdomen i dialektene må først vidare til nye generasjonar, meinte han og ga ei lita innføring i (h)alvemålet til Breimningane, som la til ein h der det passa og tok vekk h'en der den skulle vere.

Til allsongen vart det både munnspel, fløyte og felespel.

Etter ein tår kaffi og ein twist attåt, gjekk sceneteppet opp for konsert. Sigrid Moldestad, ein framifrå folkemusikar, visesongar, tonesetjar og tekstforfattar. Med seg på gitar denne kvelden hadde ho Mathias Perez. Omgitt av Sigrund Nesdal sine troll og kabbar, på ei nyoppussa scene, spela dei opp på alle strengane.



Foto: Peder Verlo

Det vart både gamalt og nytt, lått og løje, men også høgtid i salen.

Vinteren 2014 kom plata *Brevet til kjærleiken* med tekstar av dikteren Jan-Magnus Bruheim tonesett av Sigrid Moldestad. Sigrid skulle snart ut på førjulsturne med konserten *Vintersong* og ein smakebit vart framført for eit begeistra publikum. Sigrid avslutta med *Julekveld* av Lauritz H. Hov (1912), tonesett av Anders Hove: «Kaldt og mørkt og lite sol, såleis er det fram mot jol. Snø og is all jordi gøymer, allting ligg i lengt og drøymer».



Foto: Elin Lovise Folven Gjengedal



Foto: Peder Verlo



Foto: Peder Verlo



Foto: Elin Lovise Folven Gjengedal



Foto: Elin Lovise Folven Gjengedal

Alle som tok del i den store dugnaden måtte stille på geled for å få blomar og applaus frå salen. Ekstra stas vart det i år gjort på dei trufaste klubbekokarane gjennom mange år: Astrid Fridtun (til venstre), Dagfinn Aa, Oddmund Solheim og Torkjell Sollid som fekk kvar si skål frå Hadeland Glassverk. Alv Reidar Dale retta ein stor takk til Anny Sollid som gjorde klubbefesten til det den skal vere; ho fekk eit flott fat frå Hadeland Glassverk.




Foto: Elin Lovise Folven Gjengedal

Ivar Andenæs hadde bokslepp og bokhandel på *Godtfolk* – rapport frå barndomens fagre Stryn. Forfattere, son til distriktslegen i Stryn Olaf Andenæs (1907 – 1985), kom til bygda som treåring i 1950. Boka er eit portrett i tekst og foto av strynesamfunnet på 1950- og 60-talet.



Foto: Peder Verlo

Men festen var ikkje slutt sjølv om alt som skulle seiast var sagt. No var det tid for å lea på dansefoten når spelemannslaget Fjelljom frå Fjelli i Stryn spelte opp til feiande svingom.



Foto: Elin Lovise Folven Gjengedal

Referent: Elin Lovise Folven Gjengedal

## Stor og velfortent takk!

Stor og vel fortent takk til alle som på ulike måtar var med og tok eit tak! Klubbefesten 2015 går inn i rekkja av sær s vellukka klubbefestar, med Storsalen fullsett og god stemning til siste slutt.

For å kunne gjennomføre ein klubbefest, er det mykje som skal klaffe og vere på plass i rett tid, både føreåt og sjølv dagen. Mangt og mykje må gjerast lang tid i førevegen. Informasjon skal lagast og ut i fleire ulike former og omganger, og påmeldingar takast imot.

Korn skal skaffast, steinmalast på vassdriven kvern på Ulvedal, så vi får dugande klubbemjøl, og fraktast til by'n. Fåre- og svinekjøtet frå Gunnar Ruud sytte for at vi kunne halde tradisjonane med klubbekjøt ved like i år også. Poteter, kålrot og mykje meir må bestillast og hentast føreåt, så alt er på plass i tide.

Sjølv dagen er fleire gode hjelparar i sving. Ekstra stor takk til kjøkengjengen: Dagfinn, Oddmund, Astrid og Torkjell, som stod på frå tidleg morgon til langt på natt!

Som tidlegare år var salen fint og tradisjonelt pynta med trolla til Sigrund Nesdal, som fekk seg ein bytur i år også!

Det er svært kjekt på ein klubbefestdag når så mange velvillige stiller opp og hjelper til, slik at klubbefesten nok eit år kom vellukka i mål. Utan dykk alle hadde ikkje tilskipinga kunna gjennomførast. **Hjarteleg takk til kvar og ein!**

**Anny og Alv Reidar**

## Kvar finn ein NU sine skarpaste skallar?

*Er du ikkje i tvil om at dei finn me i ditt lokkallag, så meld dei på og la dei bryne seg mot resten av landet i kunnskapstevlinga Kven veit? I 2016 er temaet Ungdom i 100! i høve at medlemsbladet Ungdom kjem ut i sin 100. årgang.*

Kven veit? har to klasser: Junior Kven veit? for dei opp til 14 år og Senior Kven veit? for vaksne over 14 år. Gjennom tre tevlingsrundar svarar deltakargruppene på spørsmål om til dømes politikk, kultur, sport, underhalding og det som er temaet for tevlinga.

I 2015 spurta Røstkvrevet Ungdomslag frå Sør-Trøndelag inn til siger med Bergen Ungdomslag Ervingen og dansarane frå BUL Steinkjer hakk i hel. Og skal ein tru resultata ifrå 2015 så er det ikkje tvil om at det er i Sogn og Fjordane dei skarpaste ungdommane veks opp.

Men ein siger i Kven veit? kan ikkje vara evig, så bli med å gje vinnarane ifrå i år motstand. [Les meir og meld på laget via vår heimeside](#)



Vinnarane av junior Kven veit for 2015 var Fjelli Ungdomslag på Fjelli/Blak-sæter. Ungdomshuset Fjelvarden i bakgrunnen. Foto: Arne Sølvsberg.

---

## PROGRAM FOR VINTEREN OG VÅREN 2016

Tilskippingane vert i Storsalen og Halli mm. i Nordahl Bruns g. 22, dersom ikkje anna er sagt. Vi tek atterhald om endringar. Sjå

<http://www.sognogfjordanelaget.no/>

<http://sognogfjordaneringen.no>

<http://sognogfjordaneringen.no/461-2/>

Laget sin konto er **0531 27 71723**

Opplysingar om folkedanstilskippingar finn ein på <http://folkedans.com/>

og <http://www.bls.no/index.php?pubid=kalender&>

Kvar tysdag	Kl. 19–21.45 Folkedansøving i Halli. Første gong 5/1.
Tysdag 19/1	Årsmøte i Sogn og Fjordaneringen
Onsdag 17/2	Årsmøte i Sogn og Fjordanelaget kl. 19.00
Torsdagar	Raspeball/-kake/klubb på Kaffistova i Rosenkrantz gate 8. Då er det ofte einkvan frå laget der. Med medlemskort i Sogn og Fjordanelaget får du rabatt.

### Lagsavisa Tre Fjordar - fristar mm.

Frist for innsending av stoff til neste avis er **26/1**. Utsendinga vert om lag ei veke etterpå. Vi er takksame for stoff til bladet. Så langt råd er ønskjer vi det sendt til [agnar.kvellestad.krøllalfa.nmbu.no](mailto:agnar.kvellestad.krøllalfa.nmbu.no). Alternativt til Agnar Kvellestad, Olaf Bulls vei 14C, 0765 Oslo. Bilete er velkomne; helst digitale (som jpg, helst ikkje pdf), men vi tek også imot papirkopiar. Spørsmål kan rettast til Agnar Kvellestad, Ragnvald Halset eller Elin Lovise Folven Gjengedal. (tlf.nr. på baksida).

# A

---

### STYRET

**Leiar:** Anny Sollid 22 61 38 88(p)  
anny.sollid.krøllafa.online.no

**Kasserar:** Hilmar Nummedal 22 68 92 78 (p) - 92 06 72 63  
hilmar.krøllalfa.getmail.no

### PRESSE & PR

**Leiar:** Agnar Kvellestad 22 49 45 96 (p) - 90 53 36 96  
agnar.kvellestad.krøllalfa.nmbu.no

### HYTTESTYRET

**Leiar:** Agnar Hegrenes 22 19 30 89 (p) - 22 36 72 56 (a)  
agnar.hegrenes.krøllalfa.nilf.no

**Kontakt Sunnfjordhytta:**  
Andor Gjelsvik 21 92 02 05 (p) - 91 55 10 58 (a)  
andorgj.krøllalfa.frisurf.no

**Kontakt Nordfjordhytta:**  
Dagfinn Aa 67 90 61 34 (p) - 21 09 48 02 (a)  
daa.krøllalfa.ssb.no

### SOGN OG FJORDANDERINGEN

**Leiar:** Valbjørg Grønvik 48 18 28 98  
valbjorg.gronvik.krøllalfa.gmail.no

---

Sendar: **SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO**  
**Nordahl Brunsgate 22**  
**0165 Oslo**

---